



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
53/19	Formannskapet	19.11.2019
	Kommunestyret	17.12.2019

Budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023

Vedlegg:

- 1 Økonomiske hovudoversikter
- 2 Økonomiplan 2020-2023
- 3 KOSTRA 2018

Saksframlegg:

Kommuneloven har i § 14-5 reglar for økonomiplan, for årsbudsjett sitt innhald og årsbudsjettet sin bindande verknad. Formannskapet si innstilling skal i medhald av loven liggje ute til alminneleg ettersyn i minst 14 dagar før den blir handsama i kommunestyret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vere realistisk jfr. § 14-4 og § 14-5.

Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2020 – 2023 blir vedteken som årsbudsjettet – drift og investeringar - for Vågå kommune for 2020.

Rametilskotet blir fastsett i Stortinget og ligg inne i økonomiplanen slik Regjeringa sitt budsjettforslag og tilleggsproposisjon ligg føre.

Vurdering:

Dei ulike vurderingane kjem fram i tekstdelen til økonomiplanen for 2020-2023.

Vi tek atterhald om skrive- og trykkfeil i økonomiplandokumentet.

Kommunedirektørens innstilling:

1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2020 – 2023 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i kommunestyret si handsaming.
2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2020 – 2023 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2020, jfr. vedlegg 1 - økonomisk hovudoversikter drift og investering.
3. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 85% av stortingsrepresentantløn
4. Marginavsetning for skatt i skatterekneskapan er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.
5. Låneopptak til investeringar for 2020 blir sett inntil kr. 21,503 mill.
6. Overføring til Vågå kyrkjelege fellesråd blir sett til kr. 2,670 mill.

Saksprotokoll i Formannskapet - 19.11.2019

Behandling:

Forslag frå formannskapet:

- Investeringsprosjekt Torgplass ved kommunehuset blir teke ut av budsjettet kr. 250'
- Investeringsprosjekt Utskiifting av 6 doble ytterdører på Vågå Ungdomsskule blir framskunda til 2020 kr. 413'

Samrøystes

Formannskapetets framlegg:

- Investeringsprosjekt Torgplass ved kommunehuset blir teke ut av budsjettet kr. 250'
 - Investeringsprosjekt Utskiifting av 6 doble ytterdører på Vågå Ungdomsskule blir framskunda til 2020 kr. 413'
1. Framlegg til økonomiplan for perioda 2020 – 2023 blir godkjent med dei endringane som kjem fram i kommunestyret si handsaming.
 2. Fyrste året i økonomiplanen for perioden 2020 – 2023 blir vedteken som årsbudsjett for drift og investeringar for Vågå kommune for året 2020, jf. vedlegg 1 - økonomisk hovudoversikter drift og investering.
 3. Godtgjersle til ordføraren blir sett til 85% av stortingsrepresentantløn
 4. Marginavsetning for skatt i skatterekneskapen er framleis 11%, jf. K-43/05 frå 18.10.05.
 5. Låneopptak til investeringar for 2020 blir sett inntil kr. 21,633 mill.
 6. Overføring til Vågå kyrkjelege fellesråd blir sett til kr. 2,670 mill.